



Rektor Marie Elisabeth Kaldestad er fornøgd med utviklinga av elevtalet

Denne veka har det vore innskriving av nye elevar ved skulen og førebels har 12 nye meldt seg til skulestarten til hausten. Samstundes veit ein at 18 vil gå over i ungdomsskulen.

Likevel antar rektor Marie Elisabeth Kaldestad at elevtalet som no er 118 vil bli uendra neste skuleår. Eit bidrag til det kjem frå Syden - ein familie som flyttar heimatt - og det vil også truleg skje innflytting frå Odda.

Frå siste til noverande skuleår auka elevtalet ved skulen vår med 15 og mykje tyder altså på at den positive tendensen held seg utan tilbakeslag. Det ber bod om trivsel blant småbornsforeldre i Uskedalen

Elevtalet er fordelt slik dette skuleåret:

- 1, klasse 18
- 2. klasse 24
- 3. klasse: 14
- 4. klasse 20
- 5. klasse .12
- 6, klasse 14
- 7. klasse 18

Av Ola Matti Mathisen